

# Nytt frå foreiningane

Roald Busch, født 4. 10. 1928

mangeårig leiar i «Bergkrystallen» - Volda og Ørsta Geologiforening døydde brått av hjartesvikt 27. mars dette året, 67 år gammal.

I minneord i medlemsbladet Krystallposten skildrar Inger Årfot medlemmene sine kjensler ved den avhaldne leiaren sin bortgang.

## *Roald Busch til minne*

*Det vart stille mellom oss då bodet kom om at Roald Busch var borte.*

*Vi kjende vi hadde mist ein ven.*

*På sin stille og rolege måte var han ein fin leiar i Volda og Ørstad geologi-forening «Bergkrystallen»*

*Då geologiforeninga kom i gang i 1982 vart Roald vald som sekretær, og har sidan vore med i styret, dei siste åtte åra som leiar.*

*Hans store interesse for stein og mineral vart til stor glede og nytte for oss alle. Til Roald kunne vi kome når vi undra oss over ukjende funn, og han visste ofta svaret. På slipekursa foreininga hadde, var han ein tolmodig lærar, og ga trøst og oppmuntring når vanskane melde seg.*

*Roald Busch var også ein fin turkamerat på dei mange turane vi hadde i lag. Som ofta var kona Gudrun med, og vi fikk mange rike, humoristiske, koselege og ikkje minst lærerike stunder i fint fellesskap.*

*Ord vert så fattige når vi skal takke for alt Roald var for oss. Ei takk vi vonar han også kjende medan han levde.*

*Dei gode, rike minna vil alltid leve i oss, og dei vil lyse der vi går vidare.*

*Vi vil alltid takke for at Roald Busch var til.*